

GUIDA TUR TIL HØGDEGARDANE PÅ STIGEN

Øvste Stegen og Stigen Gard, Aurland



Onsdag 12. juni 2024
Kl. 10.00 – 19.00

Ei fantastisk turoppleving i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap står for døra! Turen går frå Undredal i båt på Aurlandsfjorden, vidare til fots oppover langs den bratte stien til Stigen, der me får besøke både Øvste Stegen og Stigen Gard. (Retur same veg.) På turen får du ei utsikt over fjordlandskapet som tek pusten frå deg!

Tema på denne turen blir verneverdiane i og historia til dette landskapet, spora i kulturlandskapet og artsmangfaldet, historia til høgdegardane frå tidlegare tider og fram til i dag, istandsettinga og den nye bruken av dei gamle gardshusa.

Det blir omvisning i gardstuna og elles servering av suppe, kaffi/ te og noko søtt på Øvste Stegen.

Formidling ved:

Landbrukskontoret ÅLA v/ Magnhild Aspevik, Nærøyfjorden verneområdestyre v/ Jorunn Vallestad, Nærøyfjorden Verdsarvpark v/ Gry Mørk, Øvste Stegen v/ Ottar og Irene Stegen, Stigen Gard v/ Hege Strømme og Dee Cunningham.

Praktisk info

Parkering	Undredal
Oppmøte	kaia i Undredal
Båtskyss t/r	i tre puljer, så ventetid må påreknast
Vanskegrad	Turen er middels krevjande
Ta med	gode tursko, vindtette klede Ekstra niste og drikke Sitjeunderlag
Pris	400,- for vaksne 100,- for ungdom Gratis for born u / 13 år

Arrangørar

Landbrukskontoret ÅLA

Nærøyfjorden verneområdestyre

Nærøyfjorden Verdsarvpark

